 Mørkved, Tone R s11; 91,1 s2; 91,2 s14

 Narusk, Anu 91,4 s14; 92,2-3 s25
 Neeme, Meedi 91,1 s5; 91,2 s14; 91,5 s2,6;
 92,1 s15; 92,2-3 s14
 Neidre, Naima 93,1 s15
 Nevland, Olaug 92,4-5 s17
 Nigesen, Kerstin 91,5 s5
 Niit, Ellen M3 s5; 91,5 s1; 92,2-3 s1; 92,4-5
 s15; 93,2 s4
 Niit, Toomas 92,4-5 s30
 Niitepõld, Andres 93,4-5 s10f
 Nilsen, Knut 92,1 s5
 Nilsen, Paul Torvik 91,4 s4
 Nilson, Artur 93,1 s10
 Njardvik, Njardur 92,4-5 s26
 Norberg, Rein 93,3 s16
 Nordgren, Elisabet 91,5 s9
 Norheim, Bård 93,4-5 s26f
 Norheim, Jørgen M3 s7; 91,2 s12
 Noormaa, Urve 91,4 s5
 Nordtun, Tore R s5; 91,3 s5
 Normet, Ingo 92,1 s14
 Nyborg, Jone 93,4-5 s26
 Nylund, Liv Hege M1 s3; M2 s5
 Nystedt, Knut M3 s6
 Nõges, Tiina 93,3 s21
 Nõgu, Anne 92,4-5 s29

 Ofsdal, Steinar 91,2 s11
 Oja, Urmas 92,4-5 s30
 Okk, Gunnar 92,2-3 s11
 Olav Haraldsson den heilage M3 s3
 Olberg, Paul 93,4-5 s21
 Oljum, Alar 91,5 s11
 Olsen, Venke 91,5 s4,13
 Ommedal, Noralf 91,5 s12
 Omre, Arthur 92,4-5 s26
 Opsahl, Kjell 91,2 s2
 Oras, Ants M1 s3; 91,1 s12; 91,3 s1; 93,3 s15
 Orav, Madis 93,2 s5
 Óskar, Jón 92,4-5 s26
 Osnes, Jostein R s11; 91,1 s2
 Ott, Ingmar 93,3 s21
 Outakoski, Nilla 93,2 s7
 Owen, David 91,1 s7

 Paal, Jaanus 92,2-3 s25; 93,3 s21
 Pacius, Fredrik 93,4-5 s20
 Padam, Katrin 92,4-5 s30
 Pahr-Iversen, Kjell 92,1 s6; 93,4-5 s4
 Pajula, Kuno M3 s3
 Pajumaa, Indrek 92,4-5 s29
 Palm, Lembit 92,2-3 s25
 Palusalu, Kristjan 92,2-3 s24
 Parek, Lagle 92,4-5 s12
 Parming, Tõnu 92,4-5 s27
 Part, Piret 92,2-3 s25; 93,3 s3
 Paul, Illimar 93,1 s15
 Pedajas, Milli Irene 91,3 s10
 Pedersen, Steinar 93,4-5 s3
 Pedersen, Willy 93,4-5 s3
 Peedimaa, Vello 92,2-3 s20
 Peets, Eve-Mall 91,3 s13
 Persson, Elin 91,5 s6
 Peter 3. tsar 93,3 s20
 Petersen, Niels Helveg 93,2 s12
 Petersen, Rannveig 93,2 s6
 Pettersen, Viggo 93,4-5 s4
 Piil, Raivo 92,4-5 s18
 Piilberg, Raigo 91,5 s8; 93,4-5 s1
 Piirimäe, Helmut 93,4-5 s22
 Pollinski, Kaupo 91,2 s10
 Pool, Vladimir 91,5 s10
 Portnov, Katrin 91,5 s13; 93,1 s7
 Prihodko, Natasja 93,2 s7
 Pruuli, Tiit 91,5 s10
 Prydz, Hans 93,3 s21
 Prøysen, Alf 91,1 s12
 Puide, Peeter 93,2 s16; 93,3 s16
 Punning, Jaan-Mati 93,3 s21
 Purdelo, Piret 93,2 s4
 Purken, Anu 91,5 s5,13
 Pusta, Kaarel Robert 93,3 s19
 Põllu, Helgi 91,5 s8
 Põllu, Kaljo M1 s4; 91,5 s12; 93,2 s4
 Pärn, Priit M1 s2; M2 s3; 91,1 s12; 92,1 s14-
 15
 Päts, Konstantin 92,4-5 s13; 93,1 s1,4
 Päts, Mati 92,4-5 s13; 93,1 s4
 Pääsuke, Toomas 93,2 s4
 Pálsson, Gestur 92,4-5 s26

 Quisling, Vidkun 93,2 s8
 Qvigstad, Just Knud 91,5 s12

Radmann, Finn 91,2 s12; 91,4 s11; 92,1 s6;
 92,4-5 s22
 Rafto, Thorolf 91,1 s11; 91,2 s12
 Rage, Anne-Britt 91,3 s13
 Rahu, Mati 91,4 s13,14; 92,2-3 s25; 93,1 s7
 Raidla, Senta M3 s3
 Raig, Ivar 93,2 s3
 Raitio, Tuire 93,2 s8
 Rajandi, Henno R s5,11; 91,5 s1
 Raknes, Elen 91,4 s2
 Ramfjell, Leif 93,2 s5
 Rammo, Ivar 92,1 s13
 Ramstad, Bernhard 91,5 s9
 Ramstad, Gerd 91,2 s12; 91,2 s15
 Randma, Lille M2 s1
 Rasmussen, Kjell R s11; 91,1 s2
 Rasmussen, Knud 92,1 s12
 Rasmussen, Ragnar M3 s4
 Rospel, Madis 93,3 s18
 Rospel, Rein 92,4-5 s28; 93,3 s18`
 Raud, Kristjan 92,4-5 s11
 Raud, Rein M2 s3; 91,3 s7
 Raudajoki, Tor 91,4 s2
 Raun, Toivo U. M3 s7; 91,3 s1
 Ravel, Arnold 92,2-3 s17; 92,4-5 s26
 Ravndal, Olaug 92,4-5 s17
 Rebane, Hilve M2 s3; M3 s3; R s6; 91,1
 s1,3,16`; 91,3 s2; 92,2-3 s1; 92,4-5 s8; 93,1
 s7; 93,2 s9`; 93,4-5 s15,21
 Rebane, Kristjan 92,2-3 s5
 Rebas, Hain 93,1 s17; 93,2 s14
 Ree, Egil Johan 93,4-5 s4
 Reeben, Mati 93,2 s8
 Reiman, Ave 93,2 s4
 Rennemo, Eva 91,5 s6
 Reuter, Jack 93,2 s7`
 Riis, Ingrid M2 s1; 91,1 s6
 Riis, Maire 91,5 s5
 Riismaa, Kadi 91,4 s14; 92,2-3 s25
 Riives, Kaur 92,4-5 s19
 Rilke, Rainer Maria 93,2 s9
 Rise, Ragnhild 91,5 s6; 92,2-3 s16
 Rismyhr, Marit 91,1 s5
 Ristikivi, Karl 93,1 s13,14; 93,3 s15
 Ritson, Kaarina 92,1 s6
 Rogde, Isak 91,1 s15
 Rosland, Audun 91,2 s12
 Rotchild, Joseph 92,2-3 s17
 Rumjantsov, Pjotr A. 93,3 s20
 Rummo, Paul-Erik 92,4-5 s13; 93,2 s2; 93,4-5
 s3
 Rundhovde, Audun 91,1 s6
 Runnel, Hando 93,3 s12,13; 93,4-5 s29
 Ruus, Viive 93,2 s5
 Ruusalepp, Raivo 92,2-3 s25
 Rygge, Mariann 91,5 s2,4,5,16; 92,1 s20, jf
 Wettre, Mariann Wiese
 Rütel, Arnold 91,1 s11; 91,2 s8f; 91,3 s16;
 91,4 s5; 91,5 s1; 92,4-5 s12,13,14; 93,1 s5;
 93,3 s5; 93,4-5 s8
 Rütel, Ingrid 91,2 s8f; 91,3 s10; 92,2-3 s6;
 92,4-5 s11
 Ränk, Gustav 92,1 s14
 Røed, Jan Erik 92,2-3 s20
 Røssum, Jon 91,5 s9
 Saar, Edgar 92,4-5 s18-19
 Saare, K 91,1 s12
 Saarnit, Jüri 92,1 s16
 Sabre, Kaubo 92,4-5 s28
 Saks, Katrin 91,2 s10
 Salminen, Johannes 91,4 s7
 Salmon, Patrick 92,2-3 s17
 Salo, Vello 91,5 s10
 Salokannel, Juhani 92,2-3 s17
 Salonen, Leo 91,2 s2; 92,2-3 s6; 93,4-5 s3
 Salumäe, Erika 92,4-5 s28
 Saluri, Piret 91,5 s8
 Saluri, Rein 92,1 s12; 92,4-5 s25
 Saluäär, Anu 91,5 s9; 92,4-5 s25; 93,1 s15
 Sandvik, Tor 93,4-5 s3
 Sarapik, Virve 92,2-3 s25
 Sarv, Ain 91,5 s8
 Sarv, Marju 93,2 s7
 Sarv, Mikk 91,4 s13
 Sarv, Vaike 92,1 s13
 Saulus, Samuel M2 s1
 Savisaar, Edgar 92,1 s14; 92,2-3 s6,16; 93,1
 s5; 93,4-5 s9
 Savomägi, Katrin 91,3 s13
 Schell, Maximilian 93,4-5 s12
 Schiff, Gunnar R s3
 Schiller, Friedrich von 93,2 s9
 Schmidt, Ineke 93,3 s18
 Schweitzer, Albert 93,2 s9
 Seeman, Ulla 93,4-5 s22
 Sehested, Hannibal 92,1 s12
 Sei, Indrek 92,2-3 s24
 Sein, Hagi 91,2 s10

Selberg, Ole Michael 91,1 s1; 91,3 s2
 Selja, Hanno 92,2-3 s24
 Selke, Tiina 93,2 s5
 Sell, Andres 91,4 s5
 Sepamaa, Henrik, psevd. for Seppik, Heinrich
 M2 s3; 91,4 s7,13; 92,4-5 s25
 Sepp, Rein 91,3 s14
 Sepp, Urmas 91,4 s14
 Seppik, Heinrich sjå Sepamaa, Henrik
 Shevtsjuk, Igor 93,3 s21
 Shoji, Hiroshi 93,2 s8
 Siimer, Mart 92,4-5 s29
 Siiner, Maarja 92,4-5 s16
 Siiras, Jaan 93,4-5 s21
 Sild, Ants 92,4-5 s17
 Sillanpää, F.E. 92,4-5 s25
 Sillar, Rein 93,1 s5
 Sillasoo, Ülle 92,2-3 s25
 Silves, Siivo 93,1 s5
 Silves, Tiiu 93,1 s5
 Silvia, dronning 92,4-5 s15
 Siimer, Mart 91,5 s12; 93,2 s8
 Sipelgas, Riina 93,1 s7
 Sisask, Urmas 91,5 s12
 Skjervengen, Pål Atle 92,2-3 s9
 Skov, Bjarne 92,2-3 s8
 Skundberg, Ove 92,2-3 s8; 93,2 s6
 Skundberg, Turid 92,2-3 s8
 Skyum-Nielsen, Niels 92,1 s12
 Smebye, Einar Henning 91,2 s11; 93,4-5 s12
 Småge, Arne 92,4-5 s19
 Soans, Jaan 92,2-3 s25
 Solheim, Hans Peter 92,2-3 s7,28; 92,4-5
 s30,32; 93,1 s20; 93,2 s24; 93,3 s24; 93,4-5
 s32
 Solstad, Dag 92,2-3 s1
 Somby, Niilas 93,2 s8
 Somelar, Meelis 93,3 s21
 Sommer, Kristian 91,4 s3
 Sonja, dronning 93,2 s14
 Sonn, Henno 93,1 s7; 93,2 s7
 Soonike, Tiina 92,4-5 s30
 Soosaar, Mark 93,1 s5
 Sootak, Varje 92,4-5 s10
 Sootla, Georg 91,4 s14
 Sormul, Ants 91,1 s5; 91,3 s13; 91,5 s11,13;
 92,1 s8,15
 Sormul, Mati 91,1 s5; 91,2 s14; 91,3 s3; 92,1
 s5
 Sormul, Rita 93,2 s3; 93,4-5 s9
 Spjeldanes, Nils 93,3 s21
 Stalin, Josef M2 s4
 Staude, Åse 93,1 s6
 Stefansson, Halldor 92,4-5 s26
 Steinfeld, Hans Wilhelm 91,5 s9
 Steinsrud, Ivar 93,3 s18
 Stenseng, Terje 93,3 s18
 Stokke, Linn 92,4-5 s7
 Stoltenberg, Torvald 93,2 s14
 Storm, Per Palle 92,2-3 s23
 Stranden, Arve Røys 91,5 s2
 Strindberg, August 92,4-5 s25,26
 Støme, Oddvar 92,1 s16; 92,2-3 s20; 92,4-5
 s10; 93,1 s7; 93,2 s7; 93,3 s3
 Suga, Margit 93,2 s4
 Suits, Roland M3 s3
 Sumera, Lepo R s4; 91,5 s3,8,9,12; 92,1 s14;
 93,1 s1
 Summatavet, Ella 91,2 s15; 91,4 s10
 Summatavet, Mait 91,2 s15; 91,4 s10
 Summatavet, Kärt 91,4 s10
 Summatavet, Triin 91,4 s10
 Sutrop, Margit 92,1 s16
 Suuman, Toomas 93,1 s12
 Suur, Kalju 93,4-5 s29
 Suuroja, Maret 91,5 s13; 93,1 s7
 Svastuen, Maj-Britt 92,4-5 s7
 Svatun, Birte 91,2 s12
 Syse, Jan P. 92,2-3 s9
 Süvalep, Ele 93,4-5 s18
 Sæbø, Torild Søfteland 93,4-5 s3
 Sæbøe, Jostein 92,4-5 s8
 Sævik, Per 91,2 s2
 Sødal, Marianne 91,3 s4,16; 91,4 s16; 91,5
 s16; 92,1 s20
 Sørensen, Egon 92,1 s12
 Sørensen, Søren 92,1 s12; 93,1 s15
 Sørлие, Caroline Walla 92,1 s13
 ›Sørлие-Hansen, Jørgen 93,2 s10; 93,3 s12;
 93,4-5 s20
 Sööt, Andres 93,1 s5
 Såstad, Bernt 92,4-5 s19
 Såstad, Kari 92,4-5 s19
 Taagepera, Rein 92,4-5 s12
 Taal, Ralf 93,4-5 s12
 Tael, Kaja R s5,9; 91,1 s3; 91,3 s2; 91,5
 s1,4,7,8; 92,1 s6; 92,4-5 s4
 Tael, Toomas 92,4-5 s28
 Takk, Ene 91,4 s11

Talgre, Maarja 93,2 s16; 93,3 s16
 Tali, Andres 93,1 s15
 Talihärm, Artur 91,4 s5
 Tamla, Toomas 91,3 s13
 Tamm, Aksel 92,1 s13
 Tamm, Ilmar 92,2-3 s25
 Tamm, Jaak 92,4-5 s18
 Tamm, Lili 92,4-5 s27
 Tamm, Tiit 92,2-3 s23
 Tammela, Pille 93,2 s4
 Tammsalu, Rein 91,5 s8
 Tammsaare, Anton Hansen 92,4-5 s11,25;
 93,1 s13
 Tamtik, Mare R s2,3,4
 Tandberg, Odd 92,4-5 s26
 Tarand, Andres 91,5 s1; 93,2 s8; 93,4-5 s29
 Tarand, Mari 91,5 s1; 93,3 s3
 Taska, Ilmar 93,4-5 s12
 Tennes, Aslak 91,3 s10
 Teppan, Jaanus 92,2-3 s23
 Testad, Sven-Egil 92,2-3 s13,18`
 TF/TF, sjå Farbregd, Turid
 Thelle, Rannfrid M2 s4
 Thormodsæter, Jan 91,5 s7
 Thorsen, Marianne 93,4-5 s12
 Tiits, Orvika 91,5 s8
 Timmermann, Anne 92,4-5 s30
 Tjomlid, Steinar 91,1 s6; 91,5 s5
 Tjønn, Helga Storedale 91,3 s13
 Tobiassen, Svein 91,5 s1; 93,4-5 s3
 Toft, Odd Magne 91,5 s5; 92,4-5 s4
 Tolli, Vive 92,1 s15; 93,1 s15
 Tomberg, Erik 92,2-3 s24; 93,1 s7
 Tomingas, Ahti M3 s3; 91,4 s2-3; 92,2-3
 s23,24; 93,2 s18
 Tomter, Per 91,4 s14
 Tonts, Ülo 91,1 s11; 93,3 s15
 Toomepuu, Jüri 92,4-5 s13
 Toomet, Tiia 91,3 s14; 93,4-5 s8
 Tooming, Jaan 91,1 s11
 Torgersen, Ommund 91,1 s5; 91,4 s11
 Tormis, Veljo 91,3 s13; 93,1 s15; 93,3 s6
 Torop, Kristjan 92,4-5 s19
 Trei, Sirje 92,2-3 s25; 92,4-5 s30
 Treiman, Aksel 92,2-3 s7
 Trosterud, Trond 91,3 s1; 91,4 s1,2; 91,5 s1,7;
 92,1 s1,17; 92,2-3 s1,14; 92,4-5 s1,23,30;
 93,1 s17; 93,2 s15,24; 93,3 s17,24; 93,4-5
 s2,22,32
 Truul, Andrus 92,4-5 s19
 Tryggvason, Olav 92,2-3 s17f; 92,4-5 s2
 Tuglas, Friedebert 93,2 s9
 Turp, August 93,4-5 s28
 Turunen, Jorma 91,3 s10
 Tuulik, Jüri 92,1 s12
 Tveit, Frode 92,2-3 s8
 Tvangsberg, Per Martin 91,1 s1,16; 91,2 s2;
 91,2 s16; 91,3 s2,3,4,16; 91,4 s2,16; 91,5
 s16; 92,1 s14,20; 92,2-3 s7,24,28; 92,4-5
 s20,27,32; 93,1 s20; 93,2 s24; 93,3 s3,24;
 93,4-5 s32
 Tveranger, Solfrid M2 s4; 91,5 s5
 Tõniste, Toomas 92,4-5 s28
 Tõniste, Tõnu 92,4-5 s28
 Uibopuu, Valev 91,1 s14; 93,3 s16
 Ulltveit-Moe, Marte Rostvåg M2 s5
 Ulmo, May Knarud 92,2-3 s12f
 Ummelas, Mart R s4
 Under, Marie 93,2 s9` ,10,11
 Undset, Sigrid M1 s2; M2 s3; R s6; 91,1 s16;
 92,4-5 s6-7,25
 Unt, Aune 91,2 s10
 Urva, Mirja Mai 91,4 s11
 Utno, Leili 91,2 s13
 Utseth, Reidar 93,2 s7
 Vabar, Vappu 93,2 s18
 Vahtra, Kaia 92,4-5 s4
 Vain, Eha R s5,6; 91,4 s4; 92,2-3 s8,12
 Valge, Jüri R s4, s11; 91,1 s2
 Valm, Tiiu 93,2 s2
 Valton, Arvo 92,1 s12; 92,2-3 s17; 92,4-5
 s13,25; 93,3 s16
 Vare, Raivo 91,2 s2`
 Vare, Rein 91,4 s4
 Vares, Peeter 93,3 s14
 Varrak, Kaia 91,3 s13
 Veerpalu, Andrus 92,2-3 s23
 Veidemann, Andra 92,2-3 s23
 Veidemann, Rein 92,4-5 s13
 Velliste, Trivimi 91,1 s11; 92,2-3 s6,12; 93,1
 s17; 93,2 s12; 93,4-5 s7`
 Vestfossen, Anne-Tove 91,5 s13
 ›Vestli, Jorunn 93,1 s14; 93,4-5 s15
 Vestly, Anne Cath. 92,4-5 s7
 Vestvik, Rolf 91,3 s13; 92,1 s15
 Vesaas, Halldis Moren 91,1 s11; 91,3 s14;
 92,2-3 s1
 Vesaas, Tarjei 92,4-5 s8,29

Vetik, Raivo 91,4 s14; 92,1 s16
 Vihalemm, Peeter 91,2 s11; 92,4-5 s10; 93,3 s15
 Vihman, Mati 91,5 s13
 Viiding, Arnold 92,2-3 s24
 Viiding, Linda 91,5 s1; 93,4-5 s5
 Viires, Liina M3 s3; 91,1 s6
 Viires, Piret 92,4-5 s29
 Vik, Bjørg 91,3 s14
 Viken, Tove Karin 91,2 s13; 92,2-3 s9
 Vilde, Eduard 92,4-5 s25
 Vilde, Raimholt 93,3 s21
 Vilimaa, Katiliina 91,4 s1,2; 91,5 s13; 93,1 s7
 Vilu, Tiiu 91,5 s7,11; 92,1 s2; 92,2-3 s18; 92,4-5 s29
 Vingel, Katrin 93,3 s3
 Vinni, Sirje 93,4-5 s1
 Vint, Mare 93,1 s15
 Vistdal, Oskar 91,3 s10
 Viul, Solveig 91,3 s4
 Vooglaid, Ülo 91,5 s5; 92,4-5 s22
 Vold, Jan Erik 92,2-3 s1
 Vähi, Tiit 92,2-3 s6
 Välbe, Urmas 92,2-3 s23
 Väljataga, Ainiki 92,4-5 s29

 Walter, Hannes 93,3 s4
 Walteri, Mika 93,4-5 s21
 Wassmo, Herbjørg 92,2-3 s1
 Wendt, Kaja 91,2 s2
 Wergeland, Hildegunn 92,4-5 s3; 93,1 s1
 Wettre, Mariann Wiese 92,2-3 s9,28, sjå Rygge, Mariann
 Wieselgren, Per 93,4-5 s21

 Wiiburg, Triinu 91,5 s4; 92,1 s2,4,6; 92,2-3 s7; 92,4-5 s19; 93,2 s5
 Wik, Knut 92,4-5 s17
 Wikdal, Knut 92,4-5 s19
 Windstad, Asbjørn 91,1 s15; 91,3 s1; 92,1 s5
 Witt-Brattenström, Ebba 93,3 s15
 Waage, Inger Marie 91,1 s6; 91,2 s14; 91,3 s5
 Waage, Peter Normann 91,5 s9

 Üksine, Mare 93,1 s15
 Ytterstad, Terje 93,2 s4

 Zaitzow, Tatjana 91,5 s11
 Zernand, Mati 93,4-5 s29
 Zetterberg, Seppo 93,2 s16
 Zilliacus, Jutta 93,3 s16
 Zilliacus, Jutta 93,3 s16
 Zova, Karel 92,4-5 s3, 93,3 s3

 Ødegård, Knut 91,3 s14, 92,2-3 s1
 Øiestad, Audun 92,4-5 s15,18
 Østgård, Reidar 91,2 s13
 Øvereng, Kjell 93,2 s4
 Øvrebø, Turid 91,2 s10

 Aarebrot, Frank H. 91,4 s14
 Aas, Gunnvor 93,2 s5
 Aase, Asbjørn 91,4 s13
 Aase, Lars 91,4,14, 91,5 s13
 Aasen, Anita R s9
 Aasen, Odvar 91,2 s11
 Aasheim, Lasse V. 92,2-3 s8
 Aasland, Aadne 91,4 s6
 Aasnes, Mona 93,3 s3

Turid Farbregd:

Norsk-estisk kulturlag

Ein liten historikk om utgivaren av tidsskriftet

Bakgrunnen for Norsk-estisk kulturlag er nært knytta til verksemda mi og til meg som person. Det er derfor ikkje til å unngå at forteljinga om foreininga samtidig inneheld biografiske opplysningar.

I 1970 kom eg til Finland som norsk sendelektor ved Helsingfors universitet og vart i 1975 den første som der tok grunnfagseksamen i finsk for utlendingar. Kurs i estisk var då ein obligatorisk del av pensum, og den inspirerande læraren, Helga Laanpere frå Tallinn, vekte ei større interesse slik at eg prøvde å setja om små tekster til norsk. Dei første omsetjingane mine frå finsk var trykte i 1974 og var eit påskuv til å prøva på estisk òg. Eit første resultat skulle bli *Varulven og andre estlandske eventyr*. Boka vart utgitt på Norsk Barneblads forlag 1982 med fine illustrasjonar av grafikaren Vive Tolli. Dette vart den første boka som var sett om direkte frå estisk til norsk.

Avgjerande for engasjementet mitt vart den første vitjinga i Estland, i november 1979, då eg deltok på eit volleyballag samansett av lærarar frå Helsingfors som spela vennskapskamp mot lærarar frå Tallinn. Opplevinga av Estland som ein stor fangeleir gjorde sterkt inntrykk. Spørsmålet melde seg: Kva kan vanlege folk gjera i denne situasjonen for å hjelpa estarane?

Det var naturleg å gå inn for kulturprosjekt, og ut frå den interessa vart eg kjend med forfattarar, biletkunstnarar og andre. Til dømes møtte eg forfattarane Jaan Kross og Ellen Niit alt i samband med den første vitjinga i Tallinn, og nokre månader seinare vart eg kjend med biletkunstnaren Kaljo Põllu.

Svært viktig var det seks månader lange opphaldet mitt i Tallinn frå februar til august 1982 – formelt som gjest hos forfattarforeininga og med lærar i estisk som dei ordna, først Kalju Pihel i tre månader og sidan Helga Laanpere. Like viktig var det at Piret Saluri og Mari Tarand på eige initiativ gjekk gjennom skjønnlitterære tekster saman med meg og rettleidde på alle vis i språk- og kulturspørsmål.

Etter år med iherdig arbeid vart det skipa ei utstilling i Stavanger med grafikk av Kaljo Põllu. Dei førti grafiske blada var ei gåve frå kunstnaren til meg personleg, men eg ønskte heile tida at dei skulle tena Estlands sak på ein meir fruktbar måte. Stavanger AOF ved Egil Lejon stod som arrangør av utstillinga, og dei ønskte seg ei salsutstilling fordi det var meir interessant for publikum. Situasjonen våren 1984 var då den at eg hadde mange venner, særleg blant estiske intellektuelle, og det kom inn pengar som burde nyttast til beste for estiske interesser. Altfor mykje avhang av meg aleine; eg måtte få folk med meg. Etersom Estland var ein del av Sovjetunionen, fann eg fram til personar som ville kunna dra til Estland og vera kontaktar dersom det vart nødvendig.

I juni 1984 gjekk eg på Slavisk institutt på Universitetet i Oslo med forslaget om å skipa ei norsk-estisk vennskapsforeining. Det då to år gamle Tuglas-seura i Finland var eit slags førebilete. Tanken vart sett fram for professor Terje Mathiassen og lektor Ole Michael Selberg. Tre personar var liksom minimum for å setja i gang, så dei to stilte skrivemaskin til disposisjon og oppfordra meg til å utarbeida vedtekter for foreininga. Vedtektene vart underskrivne om ettermiddagen 26. juni 1984. Dei er her attgitt i M3, side 2, frå 1990. Samansetjinga i styret var: leiar og kasserar Turid Farbregd, nestleiar Terje Mathiassen, og styremedlem Ole Michael Selberg. Eg var leiar fram til 1986 då vervet av praktiske årsaker gjekk over til Terje Mathiassen som budde i Oslo og lettare kunne ha kontakt med styresmaktene og andre instansar. Samtidig innførde vi då for meg det nye vervet som lagsskrivar, eller sekretær. Det arbeidet greidde eg nok betre enn bokføringa, som eg ikkje hadde noka greie på, men opererte ut frå prinsippet: mest mulig inn, ingenting ut – om det ikkje gjekk direkte til estiske mottakarar. Eigentleg opererte me slik i fleire år at skrivaren og leiaren i praksis betalte heile drifta av laget. Eit tidleg eksempel var lusekofta eg handla inn i 1985 og overrekte i Tallinn som årsmålsdagsgåve til omsetjaren Henrik Seppik som har sett om nesten 30 ulike norske forfattarar. Kofta vart gitt i namnet til Kulturlaget som med det markerte seg offentleg for første gong. Tidleg medlem var bladmannen Arnfinn Jensson som skreiv om Seppik i norske aviser og arbeidde for at han måtte få ei offisiel påskjøning for arbeidet til beste for norsk kultur, men norske styresmaktar våga ikkje gjera noko som Sovjet kunne mislika. Seppik hadde vore i sibirsk fangeleir og var ikkje rehabilitert.

Etter skipinga av foreininga begynte me å samla medlemmer, og det tok berre nokre dagar, så var me fem. Hausten 1984 kunne eg fortelja Jaan Kross i Tallinn at me var alt sju, eller kanskje åtte! Sidan voks medlemstalet dei første åra jamt og trutt, eller i hopp og sprang. Stort sett var det så at alle eg møtte og som eg hadde tillit til, fekk tilbod om å bli med. Rekorden i medlemstal blei nådd 1990–91. Dei politiske hendingane i Baltikum fekk mykje merksemd og gjorde at folk gjerne vart med. I den mest dramatiske perioden kunne det bli eit dusin nye innmeldingar berre på ein dag.

Kulturlaget hadde nært samarbeid med dei estiske foreiningane i Stavanger og Trondheim – båe stadene var eg med på skipingsmøta; og dei tre laga til saman hadde på det meste kring 550 medlemmer. Alle desse skulle ha medlemsblad, og i tillegg trongst det informasjonsmateriale til spreiding i ymse samanhengar. Opplagstalet for Norsk-estisk kulturnytt steig derfor fort til 1200.

Frå 1990 opererte også ei lokalforeining i Oslo under namnet Foreningen Norge-Estland. Dei som stod bak den meinte det truleg vel, men det var til stor skade for estlandsarbeidet at denne foreininga ikkje ville ha samarbeid, men tvert om gjekk inn for konkurranse og motarbeidde Kulturlaget alt dei var gode for. Kor mange medlemmer denne foreininga hadde, har det vore uråd å finna ut, men det kan ha vore bortimot femti.

Noko av det viktigaste Kulturlaget medverka til, var vitjinga av ei estisk folkedansgruppe, Leigarid, under festspela i Bergen våren 1987. Av denne vitjinga oppstod det mange ringar i vatnet. I det heile kan ein seia at songkor og folkedansarar hadde ei svært viktig rolle i den vanskelege prosessen det var å opna opp for kontakt og samkvem.

Hausten 1987 var kulturlaget med på å arrangera ei estisk bokutstilling i lokala til Universitetsbiblioteket i Oslo. Den sovjetestiske partnaren var VAAP som stod for utvalet av bøker og av transporten til Oslo. Seks estiske forfattarar, Jaan Kross, Ellen Niit, Jaan Kaplinski, Mati Unt, Viivi Luik og Jaak Jõerüüt var inviterte til opninga. Dei fire førstnemnde kom til Oslo og var mellom anna med på opninga av utstillinga der Jaan Kross heldt ein liten tale. Den første boka hans på norsk, *Keisarens galning*, hadde kome ut året før. Sjølv nytta eg høvet og konsentrerte undervisninga på universitetet i Helsingfors så eg kunne vera fleire veker i Oslo som utstillingsomvisar og som agitator for Estland.

Ein viktig milestolpe var kulturreisa til Estland i september 1988 med opplegg ved lagsskrivaren og leiing ved lagsleiar Terje Mathiassen. Dette skulle vera eit slags gjensisitt av norske forfattarar etter den estiske vitjinga i Noreg året før. Til Estland drog formann i Norsk Forfatterforening, Toril Brekke. Med i gruppa var elles Kjartan Fløgstad, Bjørg Vik og Jan Kjærstad. Desse var med på opninga av ei norsk bokutstilling i lokala til Vitskapsakademiet i Tallinn. Bøkene var gåver frå Kulturlaget og frå medlemmer i laget. Dei fleste hadde lagskrivaren kjøpt i Oslo for eigne pengar og litt etter litt bore med eigne krefter over grensa. På turen hadde me fått med Per Frogner frå NRK, Simen Skjønberg frå Dagbladet, Fredrik Koch frå Stavanger Aftenblad og Tron Strand med fotograf frå Bergens Tidende. Fredrik Koch hadde hatt ein fin serie i Stavanger Aftenblad alt i 1984 etter ei reise han og eg gjorde saman, men kulturreisa hausten 1988 vart det verkeleg store gjennombrøtet for Estland i norske media. Dei to medarbeidarane frå Bergens Tidende forlenga opphaldet og var med på den syngjande revolusjonen som nådde eit klimaks nettopp i september 1988. Det vart svære heilsides oppslag. Andre aviser, som hadde takka nei til å bli med på turen, var grøne av misunning. No hadde Baltikum vorte godt stoff!

I ein periode spela samarbeidet med Foreningen Norden ei viktig rolle. Vi delte til og med adresse i fleire år. Generalsekretær Harald Løvaas fekk støtte frå laget til ei Tallinn-reise og hadde der høve til å oppretta mange kontaktar. Kulturlaget medverka m.a. då Foreningen Norden arrangerte matiné på Nationaltheateret og konferanse på Det norske teatret. Kulturlaget gjekk inn for samarbeid med ulike foreiningar og parti som anten hadde vist interesse for Estland spesielt og/eller for Baltikum generelt. Me kontakta òg slike som enno ikkje var aktive, men som me meinte hadde føresetnader for å gjera noko. Me hadde eit godt samarbeid med Kulturlaget Norge-Latvija som eldsjela Richard Bærug gjorde opptak til. Dersom ein studerer det tidlege materialet til dei to foreiningane, ser ein fort at Norsk-estisk kulturlag var den leisten som gav mønster eller

utgangspunkt, men med den enorme aktiviteten til Bærug vart me fort forbi-
kjørde på mange felt.

Arbeidet med å få estiske elevar til norske folkehøgskular begynte så
smått med fire ungdommar i 1990 etter innsats av Per Martin Tvensberg og
meg. Det var opptakta til eit fint samarbeid med Informasjonskontoret for folke-
høgskulen og Informasjonskontor for kristen folkehøgskole. Ungdommar frå
heile verda tevlar i prinsippet om friplassane. Kulturlaget ville derfor byggja opp
eit apparat som skulle gjera estiske elevar ettertrakta og mest mogleg problem-
frie for skulane. M.a. arrangerte me i samarbeid med Estisk institutt i Tallinn
førebuande kurs slik at ungdommane både hadde ei innføring i språket og litt
kjennskap til norske forhold før dei kom. Kulturlaget er stor takk skuldig dei
norske lærarane som brukte delar av sommarferien og drog til Estland for å
undervisa på desse kursa. Dei skapte eit "produkt" som vart ettertrakta av sku-
lane i Noreg.

Likeins gjekk laget inn for å finna lokale kontaktfamiliar, mellom anna for
at elevane skulle oppleve norske heimar og ha ein stad å dra til i skuleferiane.
Det vart lagt ned mykje arbeid for å skaffa reise pengar og lommepengar til
elevane. Utan løyvingar frå utanriksdepartementet ville det ikkje vore mogleg.

Laget hadde òg sine eigne "stipendiatar" – f.eks. estiske deltakarar på
Festspela i Nord-Noreg 1989, som fekk høve til lengre, kontaktbyggjande opp-
hald, og kunstnarspiren Asko Künnap som vårvinteren 1991 hospiterte nokre
veker på kunsthandverkskulen i Oslo. Osv.

Norsk-estisk kulturlag fann gradvis forma si. Dei første vedtektene vart
underskrivne 26. juni 1984. Dei er gjengitt i medlemsbrevet i august 1990. Dei
vart grundig reviderte på årsmøtet 11. april 1991 og justerte på årsmøtet 30.
mars 1992 (Norsk-estisk kulturnytt nr. 2, 1992, side 20–21), då dei fekk den
utforminga dei hadde fram til årsmøtet 1994.

Alle dei tre som starta Kulturlaget hadde erfaring med den fobiske Sov-
jetunionen, så me rekna med at sovjetisk etterretning ville vera interessert i
verksemda vår og eventuelt prøva på infiltrering. Derfor var foreininga temme-
leg lukka og udemokratisk dei første åra. Mellom anna heitte det i vedtektene at
styret var sjølvsupplerande. For å verna medlemmene, var medlemslista hemme-
leg og det stod ikkje i referata kven som hadde vore til stades på møta. Karakter-
istisk er formuleringa etter årsmøtet 1986 der det hadde vore "fem medlemmer
og blant dei eit fulltalig styre". Når somme ting blir tilslørde, kan det lett oppstå
førestellingar om at det verkeleg skjer fordekte ting. Det kjendest derfor som ein
lette å opna opp og sleppa inn litt luft.

Frå 1989 av vart bulletengane til medlemmene meir innhaldsrike på grunn
av den politiske prosessen som var i gang i Aust-Europa. Før 1990 er nemninga
"medlemsbrev" nytta. Så blir overskrifta "Norsk-estisk kulturnytt" og dette blir
namnet på tidsskriftet som i det første ISSN 0803-5555 -nummeret hausten 1991
melder at Noreg har oppretta ambassade i Estland. Dette bladet vart ei viktig
informasjonskjelde for estlandsinteresserte og verka sterkt med til å halda oppe

innsatsviljen og medlemstalet i kulturlaget. Frå korte meldingar på nokre få liner utviklar innhaldet seg i retning av små artiklar, og fleire medarbeidarar sender inn stoff.

Medan Norsk-estisk kulturlag eksisterte og eg hadde med det å gjera, var det eigentleg ingen skilnad på laget og på meg som privatperson. I mange år føretok eg meg omtrent ikkje ein ting som ikkje hadde med Estland eller laget å gjera. Postboka viser at 1991 sende eg 1073 brev – kanskje nokre kort òg innimellom. I 1992 voks talet til 2009, det siste av desse er datert 31.12. til lagsleiar Ole Harald Flaaten. Det galdt å vekka interesse, inspirera og aktivisera folk i alle delar av landet. Telefonrekningane mine var på mangfaldige tusen, så då eg 1990–91 i halvtanna år hadde permisjon med berre 20 % av lønna, vart eg nøydd til å be laget om å få nokre av utgiftene dekka. Det vil seia: truleg dekka eg dei sjølv ved sal av bøker o.a. til inntekt for laget.

Terje Mathiassen la ned mykje arbeid til beste for saka, men han sleit i periodar hardt med helsa. For meg var det tungt å sitja i Helsingfors og trekkja i foreiningstrådar over heile det norske kongeriket. Etter at Estland vann tilbake sjølvstendet, vart det etter kvart prøvd å finna folk i Noreg som kunne dra lasset. I 1993 gjekk eg over til berre å vera "konsultativt styremedlem" – eit system som skulle gi innsyn i det som gjekk føre seg i laget, noko som vart oppfatta som nødvendig for redaktøren i Kulturnytt.

Materialet er ikkje gjennomgått for å finna nøyaktige grenser for dei periodane då Jan Ivar Bruflaten, Jan Aske Børresen, Ole Harald Flåten, Asbjørn Sætre Halvorsen og Per Martin Tvensberg har fungert som leiarar i Kulturlaget. Dei hadde ulike føresetnader for å engasjera seg, men dei skal alle ha takk for at dei stilte opp.

Nettopp som medlemstalet var på topp, aktiviteten imponerande på stadig nye felt, folkehøgskuleprosjektet ein suksess og tidsskriftet i gledeleg utvikling, gjekk laget inn i ein tørkeperiode. Alt hausten 1993 vedtok styret å stansa utgivinga av tidsskriftet. Ein nedgang i medlemstalet gav ikkje økonomisk grunnlag for utgiving, heitte det. Utan blad vart det på det næraste slutt med å informera om det som skjedde. Ein naturleg grunn til informasjons mangelen var òg at det skjedde mindre i regi av foreininga, så det var lite å rapportera om.

Samanlikna med andre organisasjonar hadde Kulturlaget svært aktive medlemmer. Folk fungerte alltid villig som vertskap for estarar på reise i Noreg, dei sende gåver til studiefondet vårt, dei skreiv om Estland i store og små aviser, dei stilte opp då me delte ut 10 000 flygeblad i samband med femtiårsminnet om massedeportasjonane 14. juni 1941. Osv. Det var ei fryd å arbeida saman med så mange gode og innsatsvillige menneske, ei fryd å få vera med på det alt saman. Og ei stor lykke no å sjå kva det er blitt av dei små frøa som idealismen sådde dei åra som var så vanskelege for Estland.

Helsingfors, 20. august 2006
Turid Farbregd